

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-  
H32  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 27.09.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/21	Ungdomsråd	07.10.2021
040/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.10.2021
027/21	Utval for helse og omsorg	12.10.2021
085/21	Alver formannskap	14.10.2021
	Alver kommunestyre	

### **Avlastingsiltak for barn og unge i Alver kommune Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- a. Kvasten avlastningsbustad får auka kapasitet med 3 plassar. Samla kapasitet etter auke vert då 8 plassar
- b. Kommunen reduserer kjøp av private avlastingstenester. Det er ein føresetnad for reduksjon kjøp av teneste at målgruppe opprettheld kvalitet i tenestetilbod i kommunal regi.
- c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastingstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift.

### **Ungdomsråd 07.10.2021:**

#### **Handsaming:**

Orientering i saka v/Bernt Fjordheim

#### **UR- 040/21 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg, og formannskap  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Viser til sak KO-054/21 der det vart vedtatt å starte opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor Helse- og omsorg. Bakgrunnen for prosjektet er vedtatte innsparingar i økonomiplan 2021 -2024. Prosjektet tek utgangspunkt i PwC sin rapport *Kartlegging av helse og omsorg i Alver kommune*, datert 11.01.2021. Framlegg til tiltak i prosjektet som er av prinsipiell karakter og treng strategiske avklaringar, vert lagt fram i eigne politiske saker.

Rapporten frå PwC seier mellom anna:

«For avdeling avlastning synes også den desentraliserte lokaliseringen av tilbud å være lite hensiktsmessig.

*Denne avdelingen har 3 – 5 nattevakter på jobb hver natt for å dekke 15 brukere. Vår vurdering er at avlastning bør kunne samles til en lokasjon i kommunen. Viss det er mulig å redusere til ti våkne nattevakter på jobb hver natt vil det tilsi en reduksjon på ca 1,2 årsverk eller ca MNOK 1,1». PwC rapport s. 79.*

Kommunestyret gjorde 06.05.2021følgjande vedtak i sak 054/21:

«Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar. Kommunestyret ber om ei eiga sak om auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar».

### **Saksopplysningar:**

Føresette med dagleg omsorg for eit barn eller ein ungdom med nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom, kan søkja om å få avlastning. Ein kan òg søkja om avlastning for omsorgsoppgåver dersom føresette sjølv er funksjonshemma eller sjuk.

Lov om kommunale helse - og omsorgstjenester § 3-6:

*«Kommunens ansvar overfor pårørende*

*Til personer med særlig tyngende omsorgsarbeid skal kommunen tilby nødvendig pårørendestøtte blant annet i form av:*

1. *opplæring og veiledning*
2. *avlastningstiltak*
3. *omsorgstønad*

Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-8:

*«Tiltak ved særlig tyngende omsorgsoppgaver*

*De som har særlig tyngende omsorgsarbeid, kan kreve at den kommunale helse- og omsorgstjenesten treffer vedtak om at det skal settes i verk tiltak for å lette omsorgsbyrden og hva tiltakene i tilfelle skal bestå i».*

Avlastning vert gitt på døgn- eller timebasis. Omfanget av avlastning kan for den einkilde vere frå nokre timar eller døgn per måned, til meir omfattande ordningar.

Tiltaka kan føregå i:

- barnet eller ungdommen sin heim
- avlastar sin heim
- i avlastingsbustad tilrettelagt for barn og unge
- avlastning organisert som aktivitet

Formålet ved avlastninga er å:

- hindre overbelastning hjå omsorgsytar
- gi omsorgsytar naudsynt fritid og ferie
- halda oppe gode familierelasjonar og bevare sosiale nettverk
- gi omsorgsytar moglegheit til å delta i vanlege samfunnsaktivitetar

## Organisering av avlastingstiltak

Alver kommune har i dag følgjande avlastingstiltak:

1. Døgnavlasting og timeavlasting i institusjon/avlastingsbustad. Denne vert gitt på 5 ulike lokasjonar

Avlastingsbustad (avlastning i institusjon)	Plassar
Kvasten avlastingsbustad	5 (+ 3 nye)
Hannesvegen avlastingsbustad	1
Havnevegen avlastingsbustad	2
Ostereidet avlastingsbustad	2
Røvikrenen avlastingsbustad	1
<b>Totalt</b>	<b>11 (+3 nye)</b>

Kapasiteten i avlastingsbustader (institusjon) er også avhengig av tilgjengelege personalressursar. Nokre born kan fungere greit i gruppe med ein vaksen tilgjengeleg, medan mange treng tettare oppfølging frå ein tilsett. I nokre få tilfelle må det vere to tilsette for å ivareta eit barn.

Utvidinga ved Kvasten avlastingsbustad vart mogeleg då Heimetenesta flytta ut frå nabolokala i same bygg i Kvassnesvegen 16 (tidlegare Såta bu og servicesenter). Lokala er klargjort og kan takast i bruk utan større investeringar eller omfattande oppussing.

2. Aktivitetsbasert avlasting

Dette er avlasting som er organisert som fritidsaktivitetar, som til dømes kurs, aktivitetsgrupper, helgeturar m.m. Målgruppa er born og unge som ikkje passar saman med, eller ikkje vil trivast saman med dei som er i avlastingsbustader.

3. Timeavlasting

Avlasting som kan verte gitt i heimen, eller i avlastar sin heim. Oftast på ettermiddag, kveld eller

helg.

#### 4. Avlasting i privat heim

Døgnavlasting i andre sin heim. Gjerne regelmessige helger, men kan også vere på vekedagar. Passar godt for mindre born som treng trygge rammer med få vaksne å forhalde seg til.

#### 5. Kjøp av avlastingstiltak

Dersom kommunen ikkje har plass eller kapasitet til å gi avlasting som ein familie har fått vedtak om, kan kommunen kjøpe tenester hjå private aktørar.

#### Tal brukarar av avlastingstenester

Teneste	Tal brukarar/familiar
Døgnavlasting i institusjon	31
Timeavlasting i institusjon	4
Aktivitetsbasert avlasting	11
Timeavlasting	29
Avlasting i privat heim	53
Kjøp av avlastingstiltak	6

Det var 116 brukarar i avlastingstiltak ved oppstart av Alver kommune. Tenestebehovet har auka både i tal tenestemottakarar og i tenesteomfang fram til hausten 2021.

Avlastingstiltak	01.01.2021		15.09.2021	
	Brukarar	Timar pr veke	Brukarar	Timar pr veke
Aktivitetsbasert avlasting	13	115	11	105

Avlasting i institusjon - døgn	30	973	31	965
Avlasting i institusjon – timer (ny tenestekode)	-	-	4	105
Avlasting i privat heim- døgn	48	677	53	765
Avlasting timer	36	462	29	307
<b>SUM TOTAL</b>	<b>127</b>	<b>2 227</b>	<b>128</b>	<b>2 247</b>

Etter at vedtak om avlastingsdøgn er gjort vert borna gruppert og fordelt på helger og vekedagar på best mogeleg måte. Det vert så utarbeidd turnusar/arbeidsplan for tilsette med mål om at borna skal ha færrest mogeleg vaksne å fohalda seg til.

### Ressursbruk

Kjøp av avlastingstenester (døgn og timar) hittil i år er på kr 1 400 000,-. Ein del av dette kan kommunen drifte sjølv. Endringar i avlastingsstilbod må skje i dialog med familien og barnet/ungdommen sitt beste må takast omsyn til. Kommunen kan ved ei kapasitetsauke ved Kvasten avlastingsbustad gi kvalitativt godt tilbod til ein lågare kostnad enn ved kjøp av tenester frå private aktørar. Grunnen til dette er mellom anna at vi unngår administrasjonsutgiftene hjå private aktørar. I tillegg fører noko av den private avlastinga med seg lengre reiseveg for brukarane og transportutgifter for kommunen. Estimert innsparing kr. 500 000,- pr år.

I tillegg kjøper vi tilsyn før og etter skuletid på vidaregåande skular for ca kr 730 000,-pr år. Dette er ei løysing vi meiner er god, og kostnadseffektiv. Det er assistentar ved dei vidaregåande skulane som utfører desse tenestene. Ved å knytte denne avlastinga/tilsynsordninga til skulen unngår ein fleire skifte av lokale, tenesteytarar og transport i løpet av ein dag. Kostnaden her er direkte knytt til lønsutgifter for assistentar og er dei same kostnadene som om kommunen drifta tilbodet sjølv.

Avlastinga i Havnevegen, Ostereidet og i Røsvikrenen er tilrettelagt for born og unge som har andre utfordringar og som ikkje eignar seg saman med målgruppa på Kvasten avlastingsbustad. PwC rapporten peika på at det at denne formen for avlasting er spreidd på 3 lokasjonar, medfører ekstra utgifter då det krev døgnbemanning på 3 stader. Ei samlokalisering av desse 5 plassane, vil gi vesentleg innsparing, og betre kvalitet på tiltaka. PwC viser til ei mogeleg innsparing på 1,1 mill. pr år.

Hannesvegen avlasting på Manger er samlokalisert med 3 omsorgsbustad pluss (bufelleskap), og deler personale med desse. Pr i dag er det 3 ungdomar som nyttar dette tiltaket. Bustaden har 3 soverom, men berre eit bad/toalett. Det er difor ei utfordring å ha fleire brukarar der samsstundes. Bygget er ikkje tilrettelagt for personar med fysisk funksjonshemming.

### Vurdering

Kvasten avlastingsbustad er senteret i avlastingstenestene i Alver. Her er administrasjonen med avdelingsleiar og driftskoordinator for aktivitetsbasert avlasting og privat avlasting. Bygget er tilrettelagt for born og unge med ulike funksjonshemmingar og er tilrettelagt for sosialt samvær, og mogelegheit for å trekke seg tilbake ved behov. Ein kan også dele opp brukarane i fleire grupper ved å nytta stover/fellesrom i ulike delar av bygget.

Kjøp av private avlastingstenester kan vere eit godt supplement til kommunen sine tilbod. Ved ei utviding av Kvasten avlastingsbustad, vil behovet for kjøp verte redusert. Som tabellen over viser, er behovet aukande. Utfordringa av å vere avhengig av private tenesteleverandørar er at nokre av desse ligg utanfor kommunen (Bergen), og fører til transportbehov som må løysast av pårørande, kommunen, eller ved kjøp av transporttenester. For mange born og unge kan forlenga reiseveg til skule, vere ei belastning. I tillegg vil kjøp hjå private leverandørar medføre auka utgifter pr time eller døgn, mellom anna på grunn av påslag og administrasjonsutgifter.

Samlokalisering av avlastingstiltaka som er lokalisert på Ostereidet, Røsvikrenen og Havnevegen vil gi ein gevinst på fleire område. Det å ha drift på fleire plassar fører til auka behov for nattevakter, og behov for fleire tilsette på dag og kveld for å sikre beredskap og tryggleik for både brukarar og tilsette. Samlokalisering vil føre til eit større fagmiljø og auka kvalitet, samt reduksjon i lønnskostnader og meir kostnadseffektiv drift.

Ved avlastingsopphald, som oftast er for kortare periodar, gir pårørande/føresette uttrykk for at avstand til heimen og plassering ikkje er like viktig som ved seinare utflytting og permanent busetjing i vaksen alder. Det viktigaste for dei er at dei som foreldre/føresette er trygge på at barnet eller ungdommen har ei god og trygg oppleving av avlastingsopphaldet, saman med trygge, kompetente tenesteytarar.

I rådmannen sitt framlegg til vedtak vert det lagt opp til at auka plassar på Kvasten avlastingsbustad skal finansierast med redusert kjøp av plassar. Storleiken på kostnadsbesparinga ved samlokalisering av tiltaka på Ostereidet, Røsvikrenen og Havnevegen vert arbeidd vidare med gjennom prosjektet for leing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift. Prosjektet rapporterer på status til utval for helse og omsorg og til formannskapet på økonomi.